

## Apell Ulvik kyrkje 8.mars 2026

Takk til Bygdekvinnelaget for at de spurte om eg ville holde ein appell for dykk i dag. Angrar litt på det no, kjenner eg.

Som ein gjer no til dags, måtte eg sjølvstøtt spørje KI: Kva er ein appell?

“En appell er en sterk oppfordring til handling eller en kort, inntrengende tale, ofte brukt i politiske sammenhenger eller demonstrasjoner for å overbevise mottakeren.”

Ingen press altså.

Etter at eg fekk forklaringa til kva ein appell er, ville eg undersøke meir rundt historien til den internasjonale kvinnedagen. Men, då skulle eg google “den internasjonale kvinnedagen”, og eg starta med å skrive “den internasjonale..” var det fyrste forslaget som kom opp “Den internasjonale mannsdagen.” Eg trykka ikkje på det. kanskje det var tilfeldig, eller kanskje ein eller annan algoritme som plukka opp at eg har vore litt for opptatt av kvinnes rettigheter, og meinte at “no er det nok.”

Den internasjonale kvinnedagen, som definert av FN vart fyrst markert i 1975, med tema: Celebrating the past, planning the future”

- Det er blitt markert før, så tidleg som 1909, der så mange som 15,000 kvinner demonstrerte i New York for bedre vilkår i arbeidslivet og stemmerett.

Eg vel å sjå framover, og til årets tema: Rights. Justice. Action. For ALL Women and Girls: Rettigheter, rettferdighet, handling. For alle kvinner og jenter.

Rettigheter: Me er ikkje kome langt nok:

Skremmande tendensar i fleire deler av verden at det ikkje berre går sakte, men me tar små steg bakover, frå Polen til USA, frå Mexico til Afghanistan: kvinners rettigheter står i fare:

- Innskrenking av abortrettigheter i USA og Polen: vanskeligare for kvinner å rå over sin eigen kropp, nokre tilfelle straffbart.
- Frustrasjonen har toppa seg, då fleire kvinner kler seg i drakter frå Margaret Atwood sin “Handmaid’s tale” i demonstrasjon.
- Aukane tal seksuelle overgrep mot jenter og kvinner i Afghanistan etter at Taliban tok over.
- Presidenten i Mexico vart utsett for seksuelt overgrep medan ho var på eit offisielt oppdrag og vart filma av pressa.
- Og ikkje minst: kvinnehelse: all forskning er basert på ein manns kropp, og forventningar rundt at det skal vere likt kvinnekroppen.
  - Kor mange kvinner har ikkje gått til lege i fleire år før dei får hjelp og behandling til endometriose?
  - Eller at eit prevensjonsmiddel til menn på lik linje med p-pilla vart forkasta fordi det hadde for mange bivirkningar- men bivirkningane p-pilla var fremdeles verre.
- Det er mykje å seie om kvinnehelse- og mangel av forskning og forståing for at kvinnekroppen fungerer annleis enn ein mannskropp. Eg hadde nok stått her til i morgon om eg skulle fortalt om alle forskjellane.

Dette er dystert, men det er nødvendig å seie fordi dette er realiteten. Kvinner er framleis ikkje trygge, og våre rettigheter vert ikkje verna om slik me hadde trudd, og håpa.

Ein ser at det som skjer i den vestlege delen av verda er eit resultat av aukande haldningar om at “kvinners rettigheter er gått langt nok”.

- Det er ikkje berre holdningar: trendar på TikTok som “tradwife”, der kvinner velger ein livsstil basert på 1950-tals kjønnsroller, er nok til å lure på korleis vegen framover ser ut.
  - Kva gjer dette med unge jenter som treng forbilde, som enno ikkje sjølv veit kva dei vil med livet? Som ser eit rosenraudt bilde malt av influensarar? Blir dette det nye idealet?
  - Tenker dei unge jentene over dei kvinnene som kom før, og som kjempa for dei rettighetene me har i dag?

#### Justice: Rettferdighet

- Me har alle fått med oss Jeffrey Epstein saka: kor lang tid det har tatt før jenter og kvinner som vart utsett for overgrep vart høyrte og trudd? Det tok i nokon tilfelle fleire år og tiår, og det er ikkje akseptabelt. Alle som vågar å stå fram og fortelle sin historie fortene og bli hørt. Realiteten er dessverre at mange vegrar seg, og det er det mange grunnar til.
  - Ikkje berre det: at offer i denne saka vert beskrive som «unge kvinner», mens det i realiteten dreiar seg om unge jenter-barn. Er betegnelsen «unge kvinner» lettare å svelge? Er det då litt mindre ubehagelig å høyre om?
- Hente eit eksempel frå ein sak som har enorm medieoppmerksomhet i desse dagar, tiltalen mot Marius Borg Høiby.
- Nora Haukland som er fornærma i denne saken opplever at livet hennas blir sett på med lupe. Alt ho har gjort og hatt på seg av klede, ikkje hatt på seg, vert snakka om. Ho vert anklaga for å utnytte rettsaka og medieoppmerksomheten til å få fleire følgjarar: til sin egen fordel. Forsvarar til Høiby legg fram bilde etter bilde som viser kor lettkledd ho har vore i ulike anledningar: kvifor har du på deg bikini? Kvifor har du på med mini-skjørt her?
- Og kva er formålet? Jo, forsvarar prøver å danne eit bilde av Nora Haukland som på ein eller annan måte skal rettferdiggjere det Marius Borg Høiby sitter på tiltalebenken for. Som om hennas adferd eller val av klede har noko med saken å gjere.
- Så får me rette bildet som forsvarar dannar av Nora: Ho ville vere anonym i rettsaka, men Høgsterett bestemte at ho måtte forklare seg i open rett. Bildene der ho står i bikini er tatt på ferie i Ibiza. Kva skulle ein hatt på seg i staden?
- At dette pågår i 2026 viser at me ikkje er komen langt nok. At Nora går i miniskjørt eller bikini skal ikkje ha noko å seie. Det burde ikkje vere sånn at slike bilder vert lagt fram som bevis. Alle fortene ein rettferdig prosess med verdighet, uten offer-shaming.

Alt eg har snakka om til no har ikkje vore særleg positivt, på mange måtar verkar det som at me fremdeles har ein lang veg å gå- og det har me.

- I ein artikkel av the Guardian frå 2024 vert det lagt fram at omtrent 40% av land i verden opplev enten at vegen mot likestilling enten har stagnert eller blitt forverra.

- Forskning frå World Economic Forum viser at om me fortset i den raten som me gjer i dag, vil samfunnet oppnå likestilling fyrst i året 2158. Det er omtrent 5 generasjonar frå no!

Er det godt nok?

Action: Handling

Difor må me, kollektivt, som samfunn, ta ansvar. Me har alle eit ansvar, ikkje berre kvinner, men òg menn, kanskje særlig menn, for å sørge for at me ikkje går bakover. Me må markere kvinnedagen, me må snakka om og anerkjenne kor mykje arbeid som framleis må gjerast. Me må hente inspirasjon frå dei som var før oss og kjempa for dei rettighetene me har i dag. Og ikkje minst for dei generasjonane som kjem etter oss- me må ikkje sova i timen.

Sjå etter lysglimta av kvinner som kjemper for sine rettigheter kvar dag, på den måten dei kan. Dei som sørger for at unge jenter i eit Taliban-styrt Afghanistan får utdanning. For dei som gir nødvendig helsehjelp til kvinner utsatt for seksuell vold i krigsutsatte område. For dei som skriv nye lovforslag for at kvinner skal få likestilt lønn: sjå til Island der det no er lovpålagt med likestilt lønn.

Kvardagsfeminisme, då snakkar eg direkte til alle kvinner, inkludert meg sjølv: stå opp for det du meiner. Ikkje ver redd for å sei i frå om du ikkje er einig. Stå på dine krav. Ikkje finn deg i at nokon vil prøve å gjere deg liten. Ikkje ver stille i denne kampen.

Takk for meg, og gratulera med dagen

8.mars 2026

Sarah Dijkstra